

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 5. søndag i treeiningstida – 23. juni 2013

Preiketekst: Matt 18,12-18  
Lesetekst I: Jer 6,16-19  
Lesetekst II: Gal 1,6-9

## Guds omsorg for den som er komen på avvegar

Teksten frå profeten Jeremia viser korleis Gud har prøvd å kalla folket tilbake til ”dei gamle stigane”, men utan resultat. Teksten sluttar ganske nedslåande med orda om at folket ikkje lytta til Herrens ord og at dei forakta hans lov.

Teksten frå Galatarbrevet er sterke ord frå Paulus der han uttrykkjer fortvilning og sinne over at nokon vil forvrenge den gode (og einaste gode) budskapen – Kristi evangelium.

Preiketeksten er delt i to delar; Jesu likning om sauene som gjekk seg vill, og orda om korleis ein disippel skal ta ansvar når ein bror syndar. Begge delane av teksten handlar om omsorg for ”den som er komen på avvegar”, frå litt ulik synsvinkel.

### Sauen som gjekk seg vill (v 12-14)

Jesu likning har bakgrunn i gjetarmotivet frå GT. Viktige tekstar er Sal 23, Jes 40,11 og Esek 34. Dette motivet finn me også i fleire andre NT-tekstar; Joh 10,11ff, Hebr 13,20, 1 Pet 2,25 og 5,4. Likninga viser at alle er like viktige og umistelege for Gud, jfr 1 Tim 2,4-5 og 2 Pet 3,9.

Her hos Matt har Jesu likning nærast eit sjelesørgersikt og samanhengen med v 15 ff set fokus på omsorgen i disippelfelleskapet. I parallellteksten i Luk 15 (som nok er meir kjent) er likninga eit forsvar for at Jesus tok imot syndarar og åt i lag med dei. Hovudpoenget hos Matt finn me i v 14, det dreier seg om Guds omsorg for ”desse små”.

Hans Kvalbein peiker på at likninga svarar spesielt godt til gudsbiletet i Esek 34 der Gud er den gode gjetaren med omsorg for sitt folk, han som samlar sitt folk frå eksil (Esek 34,11-16). Vidare at likninga også taler om korleis me som disiplar skal vera ”gode gjetarar” i kyrkjelyden. ”Disippelkall er også hyrdekall. Kristenliv er også hyrdeansvar.” (Hans Kvalbein: Matteusevangeliet. Bind 2. Oslo 1990. Side 101).

### Når ein bror syndar (v 15-18)

Her blir uttrykket ”desse små” erstatta med ”bror din”. Det dreier seg om korleis ein skal reagere når ein bror syndar, jfr Luk 17,3. Ikkje alle handskrifter har ”mot deg”. Jesu utsegn får litt ulik valør om ein les teksten med eller utan desse orda.

Hovudtanken er at ein skal prøva å løysa problemet på tomannshand, utan å gjera saka offentleg kjent. ”Poenget er ikke å henge ut, men å vinne et menighetslem” (Olav Skjevesland: En åpnet dør. Oslo 2013. Side 38 ff). Går ikkje dette, blir ein oppfordra til å inkludera eitt eller to vitne for å få løyst saka. Her ligg fleire lovtekster frå Moselova til grunn, sjå 5 Mos 17,6-7 og 19,15 ff. Sjå òg 1 Tim 5,19. Siste utveg er å ta saka opp i fellesskapet (he ekklesia, jfr Matt 16,18 ).

Uttrykket ”å vera som ein heidning eller som ein tollar” viser kor prega Matt er av jødisk tankegang. Dette er ikkje nedsetjande tale om desse gruppene. Jesus var ”ven med tollarar og syndarar” (Matt 11,19) og han sa at frelsa også var for heidningar (jfr Matt 8,11 og 28,19). Men ein bror som ikkje vil angra, har stilt seg utanfor og treng å venda om på ny (Kvalbein s. 103).

Avsnittet v 15-17 har blitt brukt som bakgrunn for ”kyrkjetukt”. Dette er eit uttrykk ein bør bruka med stor varsemnd eller helst unngå i forkynninga; ordet vil truleg fungera negativt i vår tid og vår kultur. Men det er ein positiv motivasjon (v 14) som ligg bak denne teksten, og som det er viktig å få fram. Bodskapen er at me som disiplar skal ta ansvar for kvarandre.

Eg tar med to sitat som viser teksten sin nærleik til rabbinske tradisjonar (som ikkje nødvendigvis er eldre enn NT), og som begge antyder noko om korleis teksten kan brukast i forkynninga av evangeliet om tilgjeving for syndene.

Hans Kvalbein skriv:

I synagogen skjelnet man mellom det ”lille bann”, som var utstøtelse fra fellesskapet for 30 dager, og det ”store bann”, som var utstøtelse for en lengre periode eller for livstid. Jesu ord antyder ingen tidsramme for utstøtelsen. Alt tyder på at den falne straks kan tas tilbake dersom han vender om. Tanken om en ”bindemakt” svarer til synagogens bann, er ikke noe nytt i Jesu ord. Men tanken om en ”løsemakt” som innebærer at synderen får tilgivelse og slik blir ”vunnet” tilbake, beror på Jesu egen, enestående fullmakt. (Kvalbein s. 104).

Mari og Paul Erik Wirgenes skriv:

... kirketukten (motiveres) ut fra Kristi nærhet. I Talmud heter det: ”Når to sitter sammen og lovens ord er iblant dem, da er Gud midt iblant dem.” På samme måte tilkjennegir Jesus her sitt nærvær i menigheten, både som en motivasjon for hellighet, og som veiledning for menighetens kamp mot synd. Han er midt i sin menighet, selv når bare to eller tre er sammen i bønn. I hans nærvær ligger det både veiledning for menigheten og mulighet for tilgivelse. (Mari og Paul Erik Wirgenes: Fra søndag til søndag. Et møte med kirkeårets tekster 3. rekke, Oslo 2012. Side 204f).

### **Arne Berge**

Sokneprest, Hinna i Stavanger. Leiar i krinsstyret i Stavanger krets, Den Norske Israelsmisjon

[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)